



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Skjåk kommune

15.03.2021

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
19-21

Høyringsuttale til søknad om oppføring av reiskapsbu på Forbergstjønn

Søknad frå Forbergsgardane v/Sæbjørn Forberg:

Forbergsgardane
v/Sæbjørn Forberg
Skjåkvegen 997
2690 Skjåk

Skjåk 10. mai 2019

Skjåk kommune
Moavegen 30
2690 Skjåk

Kopi: Skjåk Almenning
Industrivegen 10
2690 Skjåk

SØKNAD OM BYGGJELØYVE "REISKAPSBU" PÅ FORBERGSJØNN

I fjor sommar restaurerte vi den gamle steinbua ved Forbergstjønnen. (Truleg bygd som "anleggsbrakke" i 1887). På same lasset som materialane til steinbua vart frakta til fjells, tok vi også med materialar til ei enkel reiskapsbu/skåle. Søknad om byggjeløyve for "reiskapsbu" vart ikkje med i søknaden som galdt steinbua. Derfor blir denne søknaden fremja nå.

Reiskapsbua det blir søkt om løyve for, er ein enkel med grunnflate 2,5*2,5 meter. (Sjå vedlagt bilde). Mønehøgde er rekna til 1,95 meter.

Reiskapsbua er tenkt plassert på restane av ein gammal mur *vis a vis* steinbua, men på andre sida av demninga der steinbua ligg. Dvs. om lag 40 meter unna. Sjå vedlagt kart og bilde av mur.

Føremål:

Sjølve steinbua er graven inn i jordbakken, noko som pga. av fukt gjer henne lite eigna til oppbevaring av ved og reiskapar som trengst til vedlikehald av damanlegg og veiter (spadar, hakker, o.a.) Reiskapsbua vil liggje over bakken. Ho vil derfor vere luftigare og tørrare enn steinbua, og såleis langt betre eigna til oppbevaringsføremål.

Håpar kommune og grunneigar ser positivt på denne søknaden.

Med helsing,
Sæbjørn Forberg

Skjåk Almenning har gjort vedtak i saka:

MOTEBOK FOR SKJÅK ALMENNINGSSTYRE

Saksnummer	Møtedato	Arkiv	Saksbehandler
2019/33	17.10.2019		JTL

SOKNAD FRÅ FORBERGSGARDANE V/ S. FORBERG OM REISKAPSBU PÅ FORBERGSTJERN

Saksdokument

1. Søknad dagsett 10. mai 2019

Saksutgreiing

Forbergsgardane v/Sæbjørn Forberg søker Skjåk Almenning om byggjeløyve til reiskapsbu ca. 40 m frå den gamle steinbu dei har på Forbergstjern. Steinbua vart restaurert i 2018. Det blir søkt om å setja opp eit bygg i stav og laft med grunnflate 2,5*2,5 meter, der monehogda er rekna til 1,95 meter. Søklarane hevdar at det er ein gamal mur på staden der reiskapsbua er tenkt plassert, sjå vedlegg. Reiskapshuset er tenkt å brukast til oppbevaring av ved og reiskapar til vedlikehald av damanlegg og vassvegar.

Steinbu har vore brukt i samband med bygging av vatningsdammen, meir info kan lesast her: <http://www.sygardforberg.no/2018/10/20/nyrestaurert-steinbu-forbergstjernen/>.

Det blir ikkje kravd leigeavgift på steinbua da denne er i samband med drift av landbrukseigedommar.

Forslag til vedtak

Almenningssstyret godkjenner oppsetting av reiskapsbu på slike vilkår:

- Reiskapsbua skal ha mål 2,5*2,5 m og med ei monehøg på 1,95 m. Den skal setjast på den gamle tufta som vist i søknad.
- Installasjonen skal kün brukast til lagring av ved og reiskaper i samband med vedlikehald av damanlegg og vassvegar.
- Det blir ikkje kravd leigeavgift så lenge reiskapsbua blir brukt i samband med landbruksdrift.
- Dersom det er behov bør søklarane vurdere å lage til utedo som ein del av reiskapsbua.


Almenningssstyret sitt vedtak

Almenningssstyret godkjenner oppsetting av reiskapsbu på slike vilkår:

- Reiskapsbua skal ha mål 2,5*2,5 m og med ei monehøg på 1,95 m. Den skal setjast på den gamle tufta som vist i søknad.
- Installasjonen skal kün brukast til lagring av ved og reiskaper i samband med vedlikehald av damanlegg og vassvegar.
- Det blir ikkje kravd leigeavgift så lenge reiskapsbua blir brukt i samband med landbruksdrift.
- Dersom det er ynskjeleg med utedo skal denne etablerast inne i reiskapsbua.

Samrøystes.

Plassering:



I regional plan for Ottadalsområdet er det oppå å byggje på setrer og andre driftshusvære om det inngår i landbruksbegrepet etter PBL, altså tradisjonell landbruksdrift. Sakså frå regional plan:

Retningsliner om bygg i utmarksnæring

a. I medhald av PBL blir utmarksnæringar delt i:

- «landbrukets utmarksnæringar» definert som setring, beitebruk, eigen jakt og fiske og foredling av fisk. Utan nærare planavklaring kan bygging av driftshusvære og driftsbygg tilknytt slike aktivitetar gjevast løyve til i LNF-område.»
- «anna utmarksnæring» som omfattar opplevingsnæringar som guiding og utleigeverksemd knytt til jakt og fiske der husvære er definert som næringsbygg og liknande. Slik verksemd krev nærare avklaring av omfang og lokalitet gjennom kommunal planlegging etter plan- og bygningslova.

b. Setrer og andre driftshusvære kan byggast, rehabiliterast og vidareutviklast dersom føremålet er å nytte utmarksressursane på ein måte som inngår i landbruksbegrepet etter PBL. Bygging skal skje etter ordinær byggesakshandsaming og krev ikkje nærare planavklaring. Det skal leggest særskild vekt på tilpassing til kulturlandskapet.

Vurdering

Sjølve bygget vil neppe ha noko særleg effekt på villrein. Det er bruken og eventuell auke i ferdsel som kan vera negativt. Så lenge bygget blir brukt i samband med tradisjonell landbruksdrift er det dette kurant. Det bør bli stilt vilkår om at bygget ikkje skal bli brukt i samband med utleigeverksemd.

Vedtak

Forbergsgardane v/Sæbjørn Forberg får løyve til oppføring av reiskapsbu ved Forbergstjønn. Det bør bli stilt vilkår om at bygget ikkje skal bli brukt i samband med utleigeverksemd.

Helsing

Johan Berge
Leiar



Tor Taraldsrud
Sekretær